

Å studere spenningar mellom interesser og verdiar i barnehagens arbeid med kartlegging av barns dugleik

Av Bente Ulla

Avdeling for lærerutdanning, Høgskolen i Østfold
bente.ulla@hiof.no

Det er gjennomført undersøkingar som syner at barnehagane dei seinaste åra har endra praksis mot ein langt meir omfattande bruk av kartleggingsreiskap for registrering av målbare dugleikar (Østrem m.fl. 2009). Evalueringsrapporten om implementeringa av Rammeplanen (ibid.) stadfestar at det ikkje er gjennomført tilstrekkelig kvalitativ forskning av korleis kartlegging pregar utforminga av barnehagens innhald og praksis, noko som dette prosjektet har som føremål å gjere. Eg er no i startfasen på å utforme eit studie som skal undersøke interesse-og verdiforhold rundt kartlegging i barnehagen sitt innhald. Dette paperet byggjer på deler av prosjektskissa¹ til den komande studien.

Pr. dags dato arbeidar eg med eit studie av ”Profesjonsutøving – inkludering i barnehagepersonalets pedagogiske praksis”. Dette har tilknytning til hovudprosjekt med tittelen ”Barnehagens arbeid for inkludering av barn med nedsett funksjonsevne i eit profesjonsperspektiv”. Det pågåande prosjektet er konsentrert om personalets profesjonsperspektiv, der eg særleg rettar merksemd mot profesjonsutøveren sin praksis og tenking rundt inkludering. Metoden er strukturert gjennom ein kombinasjon av observasjonar og gruppeintervju, og eg er framleis i feltarbeid. Eg har no, gjennom min komande Phd. studie, blitt tildelt midlar som gjer det muleg for meg å byggje vidare på det eg allereie har gjennomført. Problemstillinga i den komande studien er: Kva slags spenningar mellom ulike verdiar og interesser vert aktualisert i samband med kartlegging i barnehagepedagogisk verksemd?

Omgrepet ”kartlegging” er her knytt til dokumentering av enkeltbarn som vert gjennomført under føremål å framskaffe kjennskap til eller oversikt over barnet sin dugleikar, utfordringar, meistring osv. innan til dømes sosiale, språklege eller motoriske områder. Førskulelæraren og barnehagen samarbeidar med fleire instansar i målsettinga om å skape eit best mogeleg

¹ Frå presentasjonen i mai 2010 og fram til publisering av denne rapporten, har prosjektets skisse og arbeidstittel endra seg. Pr. november 2010 har prosjektet arbeidstittelen: ”Profesjonskunnskap i endring; Ein studie om førskulelærarens kunnskap, dømmekraft og praksis i relasjon til auka krav om kartlegging i utdanningspolitiske føringar”. Det metodologiske og metodiske grunnlaget har også vore gjennom store endringar. Denne teksta framstiller prosjektet slik det vart presentert på dialogkonferansen 04.05.2010.

pedagogisk tilbud for kvart enkelt barn, og dette samarbeidet kan krevje at førskulelæraren gjennomfører ei kartlegging av barnet som grunnlag for samarbeid og vidare tiltak. No viser i midlar tid evalueringsrapporten om implementeringa av Rammeplanen (Østrem m.fl. 2009) at formålet med kartleggingane i stor grad er til intern bruk:

Evalueringen viser at det på nasjonalt nivå er en omfattende bruk av kartlegging rettet mot enkeltbarn, særlig når det gjelder barns språkutvikling. Evalueringen gir riktignok ikke et dekkende bilde av hvordan ulike kartleggingsverktøy brukes. Når 86% av styrerne oppgir at de (i stor eller noen grad) bruker et kartleggingsverktøy som er utviklet med tanke på barn med språk og talevansker (TRAS), er det nærliggende å tro at dette praktiseres i tilknytning til hjelpeinstanser utenfor barnehagen, slik rammeplanen åpner for. Funnene fra de kvalitative undersøkelsene peker derimot i en annen retning, nemlig at det er en omfattende bruk av kartlegging i forhold til alle barn. Noen førskulelærere forteller at de «tar TRAS på alle barn», og det fortelles at kartleggingsverktøy brukes for å vurdere måloppnåelse» (Østrem m.fl. 2009:199).

Denne studien vil sjå nærmare inn på *korleis* kartlegginga vert brukt, og samstundes vil den kunne framskaffe kunnskap om kva slags spenningar mellom verdiar og interesser dette vidare skaper for det pedagogiske innhaldet i barnehagane, med særleg vekt på inkludering og mangfald.

Metodiske tilnærmingar

Den empiriske oppbyggnaden er satt saman slik at prosjektet skal kunne gripe tak variasjonar av politiske føringar og systemiske sider ved profesjonen gjennom dokumentanalysen. Vidare er føremålet å kunne sette dette i samanheng med det førskulelærarane sjølv fortel om sin eigen bruk av kartlegging og verknadane av praktiseringa i barnehagen. Det er forteljningane til førskulelærarane, og førskulelæraren sine perspektiv som vert i fokus gjennom denne tilnærminga. Prosjektet sitt empiriske grunnlag vert bygd opp gjennom to ledd:

Dokumentstudie: Framskaffe oversikt over kva lokale og sentrale lov- og plandokument gir av føringar for kartlegging/dokumentasjon i barnehagen. Empiri tenkast å vere ihopsett av stortingsmeldingar, NOU, lovverk, Rammeplan, kommunale opplæringsplanar, prosjektplanar for barnehagens verksemd osv. I tillegg kjem barnehagane sine egne verksemdsplanar, årsplanar, prosjektplanar osv.

Intervju: Gjennomføre kvalitative og delvis strukturerte intervju av førskulelærarar som arbeider i barnehage. Det skal gjennomførast 10 gruppeintervju frå 5 forskjellige kommunar i fleire delar av landet. Utvalet skal settast saman frå fleire kommunar, då ulike kommunar har styresmakt til å sette ulike premiss for kartleggingspraksis i barnehagane. Gruppene skal settast saman av pedagogiske leiarar og styrar/verksemdsleiar i dei utvalde barnehagane.

Følgjande forskings spørsmål vil vere leiande for studien:

- Kva føringar for kartleggingsbruk og mangfald er skissert i barnehagens styringsdokument?
- Korleis legg kartlegging føringar for innhaldet i internt arbeid og ekstern samarbeid?
- I kva samanhengar supplerer/erstattar profesjonsutøvarer sitt fagleg skjønn med kartleggingskjema?
- Korleis fungerer kartlegging i utforming/ivaretaking av mangfald barnehage?
- Korleis vert barnehagens innhald endra på bakgrunn av resultat frå kartlegging?
- Kva etiske og pedagogiske verdiar og interesser vert lagt til grunn for praktisering av kartlegging?

Prosjektet vil arbeide med eit problemområde som er tverrfagleg i form av at det både omhandlar strukturar omkring barnehagen, samt barnehagens innhald. Tematikken vil såleis ha forgreiningar både til sosiologi og pedagogikk.

Teoretiske grunnlag

Prosjektet byggjer på sosiokulturelle perspektiv, som ser endringar i samfunnskontekst i samheng med endringar i forventningar til barn (James, Prout og Jenks 1999). Endringar av strukturar rundt kartlegging og bruk av dette som fagleg reiskap, kan skape nye forventningar til barn og personale. Dette skaper vidare endringar i konstruksjonen av barnehage som velferdsordning og institusjon. Konstruksjonane av barn og barndom vert sett som diskursar, og diskursomgrepet koplast her opp til Foucault (1980, 1999, 2002), og hans teoretiseringar av kunnskap og makt. Prosjektet skal i den samheng også gå nærare inn i profesjonsteoriar som kan kaste lys på korleis profesjons preformative og systemiske aspekt grip inn i kvarandre.

Prosjektet skal byggje på teoriar som drøftar dilemma vedrørande skjønn og/eller skjema som vurderingsform i profesjonsutøving (Grimen og Molander 2008), noko som kan skape grunnlag for å drøfte barnehagen som ein arena for mangfald og inkludering. Prosjektet skal gå djupare inn i perspektiv som ser profesjonen i lys av sosiokulturelle mangfald, og trekkje inn teoretiseringar som granskar forholdet individ-gruppe og vidare kva grupperingar som alder, kjønn, funksjonalitet, etnisitet, seksualitet etc. gjer med mennesket sin posisjon i institusjonen (Arnesen, Allan, Simonsen 2009). Interesse- og verdispørsmål koplast opp mot menneskets posisjon i møte med den andre. Dahlberg og Moss (2005) har gjennom si forskning vist til globale diskursar som set føringar for korleis etikk og politikk gir føringar for barnehagane si utforming. Moss (2007) etterlyser vidare forskning som ikkje polariserer og forenkler, men som kan gjere synleg kva nye former for dialog som pedagogisk verksemd i dagens samfunnskontekst kan krevje.

Prosjektet skal gjere empiriske analyser av det kvalitative datamaterialet. I arbeidet med å utforme dokumentanalysane vil prosjektet byggje på det Søndergaard omtalar som ”putting deconstruction at work” (Søndergaard 2002), og utforske diskursar som sosiale

konstruksjonar. I arbeidet med å analysere empiri frå dei kvalitative intervjua, vil kritisk analyser som byggjer på Foucault (Mac Naughton 2005) vere formålstenelig for å eksponere samanhengar mellom kunnskap, interesser og makt i barnehagen som institusjon.

Prosjektet skal på grunnlag av både dokumentanalyse og kvalitative intervju drøfte kartlegging opp i mot mangfald i barnehagens innhald. Målet er at prosjektet gjennom analyser av det empiriske materialet, skal kunne eksponere eventuelle spenningsforhold mellom ulike interesser og verdiar som oppstår rundt kartlegging i barnehagepedagogisk verksemd. Prosjektet har som føremål å framskaffe kunnskap om kva interesser og verdiar førskulelærarane legg vekt på i arbeid med mangfald i barnehagepedagogisk verksemd. Merksemda vert retta mot forhold der profesjonsutøveren sitt skjønnsvert supplert eller delvis erstatta av kartleggingsmaterieill, til dømes i form av skjema. Det vil her også vere nødvendig å konstruere eit skilje mellom daglege observasjonsarbeid i møte med barna og skjematisk kartlegging av eksempelvis alle barn i ei aldersgruppe. Kartlegging kan vere eit reiskap til førskulelæraren sitt eige arbeid samstundes som den kan nyttast inn i samarbeid og kommunikasjon med interne og eksterne samarbeidspartnarar. Førskulelæraren og barnehagen samarbeidar med fleire instansar i målsettinga om å skape eit best mogeleg pedagogisk tilbod for kvart einskilt barn.

Å forske på den norske barnehagen i samtida

Barnehagesektoren er framleis i framvekst, og nær 270 000 barn hadde barnehageplass i 2009². Nær alle norske barn mellom eit og seks år har pr. dags dato kvardagen sin i pedagogisk tilrettelagde barnehagar, som rommar nye mangfald av barn. Prosjektet har til føremål å granske korleis profesjonsutøvarar i dagens norske barnehagar handterer møter mellom ulike interesser og verdiar frå utdannings- og velferdspolitiske føringar i samtida, særleg retta mot "tidleg innsats" og "sosial utjamning" (Kunnskapsdepartementet 2006b, Kunnskapsdepartementet 2009). Det trengs kunnskap om korleis barnehagane er i stand til å skape eit pedagogisk innhald som både vernar om mangfald, men samtidig skal ujamne forskjellar. No er det ikkje nytt med politiske visjonar om utjamning av sosiale gode gjennom velferdsordningar, og det er heller ikkje nytt at barnehagen som pedagogisk verksemd har mål for barnets kunnskap og utvikling. Men vi veit lite om korleis koplingane av dette fungerer saman i dagens kontekst.

Det vert etterspurt forskning om barnehagen sin praksis knytt til bruk av dokumentasjonar og kartleggingsreiskap frå fleire hald. Evalueringsrapporten frå barnehagane si innføring av Rammeplanen (Østrem m.fl.) skildrar ei auke i praktiseringa av denne typen dokumentasjonsreiskap i dei pedagogiske prosessane. Rapporten aktualiserar eit auka behov

²http://www.regjeringen.no/upload/KD/Vedlegg/Barnehager/Rapporter%20og%20planer/Sluttrapport_analyse%20av%20barnehagetall%20per%2020.09.09.pdf [02.02.10]

for forskning som skaper ny kunnskap om kritiske og etiske aspekt som dette samtidig involverer. Stortingsmelding nr. 41 "Kvalitet i barnehagen" (Kunnskapsdepartementet 2009) følger opp med å etterspørje forskning frå norske barnehagar.

I eit medverknadsperspektiv vil det kunne reisast spørsmål om maktforhold mellom dei ulike aktørane som vert involvert i kartleggingspraksisar. Kven som står i posisjon til å formulere kva som er "til barnets beste", er avgjerande for korleis barnehage og barndom vert konstruert og strukturert (Ulla 2008). Prosjektet vil kunne sjå på kven som vert privilegert til å leggje premisser for

Barnehagelova § 1, er tydeleg på at barnehagen sin bruk av dokumentering og dokumentasjonsutveksling skal gå føre seg "i nær forståelse og samarbeid med barnas hjem" (Kunnskapsdepartementet 2005).

I det same barnehagen sitt personale tek til å kommunisere om enkeltbarn via skriftleg materiale, trer etiske og juridiske aspekt inn, og "Rammeplan for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen" djupar ut formålsparagrafen ved å seie at "Både barn og foreldre kan reagere dersom mye av det som barn sier og gjør blir gjort til gjenstand for skriftlig observasjon og vurdering" (Kunnskapsdepartementet 2006a:49). Det er utvikla lite kunnskap om korleis barnehagen sitt personale forstår og fortolkar dette, og kva konsekvens dette har for utøvinga av profesjonen. Formålet er at denne studien skal kunne framvise ulike spenningar som kan oppstå i kjølevatnet av ein utvida kartleggingspraksis.

Kjelder

Arnesen, A. L., Allan, J. and Simonsen, E. (2009) Policies and practices for teaching sociocultural diversity. Concepts, principles and challenges in teacher education. Council of Europe Publishing: Strasbourg.

Dahlberg, G. og Moss, P. (2005) *Ethics and politics in early childhood education*, RoutledgeFalmer: London.

Foucault, M. (2002) *Archaeology of knowledge*. Routledge: London.

Foucault, M. (1999) *Diskursens orden* [tiltredelsesforelesning holdt ved College de France 2. desember 1970]. Spartacus: Oslo.

Foucault, M. (1980) Power/knowledge. Selected interviews and other writings 1972-1977. [Ed. Gordon, C.] [Trans. Gordon, C., Marshall, L., Mepham, J., Soper, K.]. The Harvester Press Brighton: Sussex.

Grimen, H. og Molander, A. (2008) Profesjon og skjønn. I A. Molander og L. I. Terum (red.). *Profesjonsstudier*. Universitetsforlaget: Oslo.

James, A., Prout, A. og Jenks, C. (1999) *Den teoretiske barndom*. Gyldendal: København.

Kunnskapsdepartementet (2009) Stortingsmelding nr. 41. (2008-2009) Kvalitet i barnehagen. KD: Oslo.

Kunnskapsdepartementet (2006a) Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver. KD: Oslo.

Kunnskapsdepartementet (2006b) Stortingsmelding nr 16 (2006-2007). ...og ingen stod igjen. Tidlig innsats for livslang læring. KD: Oslo.

Kunnskapsdepartementet (2005) *Lov av 17. Juni 2005 nr. 64 om barnehager*. KD: Oslo.

Mac Naughton, G. (2005) *Doing Foucault in Early Childhood Studies. Applying poststructural ideas*. Routledge: London and New York.

Moss, P. (2007) Meetings Across the Paradigmatic Divide. *Educational Philosophy and Theory*, 39 (3), 229-245.

Søndergaard, D. M. (2002) Poststructuralist approaches to empirical analysis. In *International Journal of Qualitative studies in Education*, 15 (2), 187-204.

Ulla, B. (2008) Omsorg, makt og barndommar. Rekonseptualiseringar av omsorg gjennom feministiske poststrukturalistiske tilnærmingar. Hio-masteroppgave nr. 4/2008., Høgskolen i Oslo: Oslo.

Østrem, S., Bjar, H., Føsker, L.R., Hogsnes, H.D., Jansen, T.R., Nordtømme, S. og Tholin, K.R. (2009) Alle teller mer. En evaluering av hvordan Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver blir innført brukt og erfart. Rapport 1/2009, Høgskolen i Vestfold: Tønsberg.

